

Emnenr. 36

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Ogdal

Emne: Helsing, Fakker og Pifferd.

Bygdelag:

Oppskr. av: Anton Strugstad

Gard:

(adresse): Sleinkjer

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

"Ja" og "nei" uttrykkes ^{rim} med ei rørsle med hovudet. Det lite nikk lyder "ja" og ein ryfter svakt på hovudet når det er "nei".

Før bilen og syklande folk kom på vegane, måtte folk gå når dei skulle reise til byn eller gå ein erend i bygda. Og kjøpte dei med hest med vagn eller slede kom dei da også nok så mare, for vegane var smale ca. 50-60 år altende. Då var det skikk å helsa på alle dei møtte anten dei kjende kvarandre eller ikkje. Var det nokon regel for kven som skulle helsa først, når ein møtte kjende, måtte det vera at yngre var tilbært heimanfrå at dei måtte helsa når dei møtte kjende.

Var det lidleg på dagen sa dei: "Gomorn", og ellers utover dagen: "Godagen", og utpå kvelden: "Gokvellen".
Naksne stansa som oftest og slo av

ein prat om ver og vind og om
årsretiktene.

Det var nok ulike heiringmåtar
når det gjaldt prest, embetsmenn,
slektingar, grannar eller framande.
Det var ikkje vanleg at bygdefolk
tok av seg hatten eller huva når
dei møttest. Når dei møtte embets-
menn eller storkares freista dei
nok å ta av seg hatten, men
var denne mjuk og litt lei å
få slyping på, varh det som
oftast med at dei førde høgre-
handa opp til hattkremmen og
rista litt på denne utav å lyfla
på hatten elles huva.

Ëg har høyrd sagt om ein
som stod og heldt hatten med begge
hender når lensmannen köyrde
forbi: "Han der må vera skyldig
mykje hos lensmannen".

Når ein var kledd i høglids-
klede - på kyrkeweg o. l. tok ein
av seg houndplagget når ein helso.

Folk handhelste på kvarandre
når dei treffet ved kyrka og når
dei kom til begravelse og brudtaus.
Når ein kom på vitjing handhelste
ein også på borna.

Skilken med å klappa kvarandre
på oksla var like brukk. Vart
det brukk noen gong var det
når grannar var best i selskapp

5077

og husmora kom ut i gangen for å ta imot sine gjester og det kom ei nabokone, som ikkje hadde vore der på lang tid, da kunde det treffe at det vart litt klapp på axela. Dette var eit uttrykk for vennskap og glede.

At mennene tok av seg hatten når dei ute høyrde klakking, har ein ikkje høyrd om, men når folk møtte lipferd eller berusefylte syntte dei vopnod og samtkjenole ved å taka av hatten eller luva og stå stille på regkanten inntil heile fylgje var kome forbi.

Ingen kan hugse at folk fór i tida helste på visse ting.

Noko klakkeslett ^{var det ienig} for heltinga Gomorn, Gadday o. s. v. Det berodde nok på årstida, kva tid det vart mykt. So dette var litt av ei skjønnsak. Ingen ser det som usømeleg å nytte ei helring som ikkje er rett. Gomorn hører ein snart heile dagen. Både når ein kjem og går. I seinare tid har det vorte svært flott sleng i svaret: ~~Ja~~ "Morn - da a". Det er mest ungdom som brukar det.

Folk helra med orda "Guds fred" "Signe arbeidet", "Signe skenet", "Signe kvila", "Signe laget", "Signe maten". Ikkje alle sa "Signe" og dei sa da "Velsign arbe". Sakk var som regel svaret. Men

SATT

7742

dersom dei helst på med eit arbeid som kunde vere litt slemt å få lutt med, kunde det bli svara: "Ja det er ikkje sikkert de nå velsigning i det." Når gjesten traff gårdsfolk ute på tunet og dei fylgde honom inn tok han oppatt helsinga og så "Goddag inn."

Når dei vilde bala med husfarem åleine sa spurde dei om det gikk an å få snakke noen ord på somanns hand.

Vakkne folk brukar å bankke på døra før dei går inn. Dast det svara "Kom inn" opna dei døra og sleig innom, kelsa og signa arbeidet eller det som passet på situasjonen.

Han som kom inn slapp å bli ståande lenge før dei bad han "Leit fram på å silt".

Hatten eller huva tok han av straks han kom inn. Var det barn eller ungdom, som ventu ved døra, kunde det bli sagt "han har godt av å stå litt for han skal veksa meir. Ikkje i alle heimar vart det gjort skilnad på kven det var, men på sin eller annan staden kunde det vel hende.

Ein heilt fremand, som kom tilgårds ledde seg litt omorleis enn bygde folk. Han gjorde seg litt meir for helsinga, tok av seg hatten eller huva og handhelde. Kommen inn vart det burka stov av stol og sett fram. Innsedne gjester vart møtte i gangen

SAST

3

5

og helse med "Velkommen hit".
Ved kvardagslege vitjingar sa folk farvel når dei gjekk. Men hadde dei fått brakkement, kaffe e. l. sa dei først: "Takk for meg".

Ved avskil helste ein ved å trykke handa lenge for tilslut å si "det må stå på deg bra".

Skinken med å kysse kvarandre til farvel var lite brukt. Millom born og foreldre kunde det vanke kys med avskil. Born kunde også kysse foreldre eller framande på handa for å syna vurdning eller takksend for ei gave.

Det var mykje bruka å gri nosen sin mot nosen til småbarna. Dem kalla det å byte nase.

Begge foreldra gjorde det og andre vaksne også og større søsken som gjorde det for å setja den lille. Det var lettindt å få til gråt, for barnet vilde ha igjen sin lille fine nase. Vaksne bruka også å stela nosen til born ved å knipe nosen mellom peke og langfinger. Ijake mot ijake som kjarteiken og dette vart kalla: "Gje godkinnbein". Dette vart mest gjort millom born og foreldre og millom vaksne og born. Det kunde nok også breffe at det ble gjort mellom vaksne. Til lukke vart mykta t. d., "Til lukka med handelen".

Folk sa også: til lukka med jola.

til lukka med nyåret. Til andre
festdagar, karnefjdsel, bruloving
og brudlaus brukar dei "Gratulerar".

Det dødsfall: Kondolerar.

Når ein lukka for seg på vegne
av ein avliden vart det utført
skjeldan gjort ved grava, men i
huset. Har ikkje høyrd om noe
spesielt navn på dette.

Vanvyrdom for ein kran ved
fakter kjemmer ein lite til. Det
kunde vera vrydlause unge
som freista herma eller for
å berga.

Folk sa for det meste "du" til
alle. Bibale i skrift måtte
ein bara å bruka "De"

Her bruk ein ikkje at ein seier
"han" eller "ho" i staden for "du"
eller "de".

Ms.